

Søre Radøy Grunneigarlag
v/ Kåre Hole
Radøyvegen 984
5938 Sæbøvågen tlf 99347989 epost ka-hole2@online.no

Radøy kommune
v/ Kristine Skaiaa Born
5936 Manger

Hijakt på rev i fredningstid

Eg vil på vegne av saueneigarane i Søre Radøy søka om å kunne gjennomføra hijakt i fredningstida 15.04.-15.07. Ved vellykka uttak av hi, og som fjerner/hindrar lammetap, ser me det ikkje som naudsynt å jakta i heile perioden.

Det er dei to siste åra registrert ein svært aukande revebestand i området. Det har denne vinteren og våren vore uvanleg mange observasjoner på nærgående rev. Det er spesielt i området frå Askeland til Austmarka, mot Olsvold og Taulsmarka/Holemarka at det er sett mykje rev den siste tida.

Siste veka er det registrert 4 lam i 2 forskjellige besetninger som ber tydlege spor av at dei er tatt av rev, i tillegg mangler det 5 lam som ein ikkje finn noko igjen av. Dette tyder oftast på at reven har tatt desse, då evt. ravn og andre fuglar ikkje klarar å fjerna desse.


I 2009 fekk me løyve til hijakt i fredningsperioden etter store lammetap. Det året blei eit hi fjerna og lammetapa slutta etter dette. Same problem oppstod i 2015, og eit hi vart fjerna. Dette førte også til at lammetap vart sterkt redusert. Me registrerte seinare på sommaren/hausten at minst eit kull ikkje var oppdaga. Det har nok bidratt til auka revestamme det siste året. I åra mellom 2009 og 2015 var det registrert svært små lammetap og ein søkte derfor ikkje om dispensasjon desse åra.

Etter mange år utan problem med lammetap har grunneigarlaget sidan i fjar hatt stor fokus på reveproblema og ein har «ståande ordre» blant hjortejegarane at rev har førsteprioritet under jakta, der resulterte i 3 skotne revar denne siste hausten. Det er ein stor auke frå dei siste åra.

Lammetapa som er registrert til no dette året, gjeld på villsau og svartfjes, som går ute heile året. Det er ikkje noko kjekt å vita at ein snart skal sleppa ut årets nyfødde lam når ein samstundes veit at reven vil ta mange av desse. Me har vore å sjekka fleire hi-plassar den siste tida, og registererer at mange av desse er klargjort for yngling.

Me håpar med dette at me får innvilga hijakt så snart som råd, slik at me så langt som mogeleg kan unngå lammetap denne våren.

Taule 18.04.2016


For grunneigarlaget
Kåre Hole